



Den nye veggen. *The new bridgeway.* FOTO: KNUD KNUDSEN/BILLESAMLINGEN UIB



I Hidlarslia. *At Hidlarslia.* FOTO: KNUD KNUDSEN/BILLESAMLINGEN UIB



Ovanfor Gjeldfeskaret. *Above Gjeldfeskaret Pass.* FOTO: KÅRE EIK



Breidablikk. *The Breidablikk cabin.* FOTO: KÅRE EIK

Her du no står, vart ridevegen til Gardshammarsetra opna i 1890

The bridgeway to Gardshammar, opened in 1890, starts here

Turistvegen som vart bygd frå Bondhusdalen til Breidablikk, var eit stort samarbeidsprosjekt.

Initiativet til bygging av veggen vart teke av grosserar Westerich som var sekretær i Der Deutscher Nordlandsverein. På ei oppdagarferd i Noreg besøkte han også Mauranger og Folgefonna. Han opplevde stor gjestfridom, og meinte at naturen her kanskje var den flottaste og mest storslegne i heile Noreg. Han ivra for at også andre skulle få oppleve dette, og for at Mauranger skulle få sin del av den aukande opplevingsturismen.

For å letta tilkomsten til fjellområda og Folgefonna, måtte gangstien utbetrast til rideveg. Ingeniør Thoresen stakk ut traséen, i fyrste omgang via Gardshammar til Gjeldfeskaret. Legg merke til kor fint veggen er lagd i 18 svingar opp til Gardshammar. I den storsteina røysa nedunder Gjeldfeskaret er det lett å lata seg imponera over både planlegging og utføring.

Gardbrukarane på Bondhus og i Sundal stod for det praktiske arbeidet, med handemakt og hest. Det økonomiske vart ordna i eit spleiselag mellom gardbrukarane, Deutscher Nordlandsverein, grosserar Westerich privat og handelsmann og hotelleigar Erik Gausvik.

Vegen til Gardshammar var ferdig i 1890. Då Breidablikkhytta vart bygd i 1893, var heile det planlagte vegarbeidet til Gjeldfeskaret ferdig. No stod berre høgfjellsdelen att. Sjølv om det her var god framkomeleg med hest, vart det snakk om at også denne parsellen burde få same standard som veggen nedanfor.

Og det skulle ordna seg på finurleg vis. Son til grosserar Westerich la bryllaupsreisa si til Mauranger, truleg i 1896, han ville sjå dette eventyrlandet som far hans hadde snakka så mykje om. Han vart veldig stolt og rørt då bygdefolket gjorde uventa stor stas på dei nygifte, og han takka med å betala vegarbeidet frå Gjeldfeskaret til Breidablikk.

BREIDABLIKKHYTTA

Breidablikkhytta vart bygd i 1893 av landhandlar og hotelleigar Erik Gausvik, med økonomiske bidrag frå konsul Greve og bokhandlar Beyer i Bergen. Hytta var ein del av hotelltilbodet. Her vart ridehestane spente for sledar, og så bar det i kanefart til toppen av Folgefonna eller over mot Odda. Ned til Odda måtte turistane gå på eigne føter. I 1902 vart det bygd ridesti der også, utan at det vart noka form for organisert hesteskyss på den sida av breen.

The so-called “tourist road” – the bridgeway from the valley of Bondhusdalen up to Breidablikk Cabin – was a major collaborative project.

The initiative came from a German merchant by the name of Westerich, who was also secretary of Deutscher Nordlandsverein. On a visit to Norway, he discovered the Folgefonna glacier and the Mauranger area, which he was convinced had to be one of the most magnificent in all of Norway. He was also greatly impressed by the hospitality of his local hosts. Westerich wanted other travellers to be able to enjoy the adventures he had – and he believed that Mauranger deserved its share of the growing tourism.

In order to make Folgefonna glacier and the nearby mountains more accessible, it would be necessary to upgrade the hiking trail to a bridgeway. Engineer Thoresen carried out the survey work, initially from the summer pastures and mountain farms at Gardshammar to Gjeldfeskaret Pass. Visitors cannot help but be impressed by the beautiful construction of the 18 hairpin bends that wind their way up to Gardshammar, and especially the path through the boulderfield just below Gjeldfeskaret.

The actual road construction was carried out by the farmers of Bondhus and Sundal, with brute force and aided by horses. The local farmers, the Deutscher Nordlandsverein, the merchant Westerich out of his own pocket, and Erik Gausvik, a local shopkeeper and hotel owner, financed the road project jointly.

The bridgeway to Gardshammar was completed in 1890. By the time Breidablikk Cabin was built in 1893, the entire path up to Gjeldfeskaret pass was finished. The only work remaining was the high-mountain path up to the cabin. Even though the mountains were accessible by horse, the road builders aspired to give the uppermost path the same standard as the new bridgeway.

Serendipitously, Westerich's son took his honeymoon in Mauranger – probably in 1896 – to see the enchanted land that his father raved about. The newly-wed couple was deeply moved by the friendliness and hospitality accorded them by local villagers. He expressed his gratitude by offering to pay for upgrading the path from Gjeldfeskaret to Breidablikk.

BREIDABLIKK CABIN

The cabin at Breidablikk was built in 1893 by general store and hotel owner Erik Gausvik, Consul A.W. Greve, and bookseller Thorvald Beyer of Bergen. This mountain cabin, situated just below the glacier and operated by Sundal Hotel, was offered as accommodation for visiting tourists. Here sleds were hitched to horses in order to offer popular sleigh rides up to the top of Folgefonna glacier, or down in the direction of Odda at the head of the Sørfjord, a different arm of the scenic Hardangerfjord – even though tourists had to walk the final stretch down to the town. In 1902 a bridgeway was built on that side of the glacier as well, even though there was no organised horse transportation.

Biletet er teke på opningsdagen. På den store steinen er det måla følgjande tekst, svart på kvit botn:

REITWEG SUNDAL-GARSHAMMERSÆTER VON DEM DEUTSCHEN NORDLANDSVEREIN IN HAMBURG ERBAUT IM JAHRE 1890. Rideveg Sundal-Gardshammerseter bygd i 1890 av Den Tyske Nordlandsforeninga i Hamburg.

Nokre av bokstavene er enno synlege.

Eit omfattande restaureringsarbeid for Gardshammarvegen var ferdig hausten 2007. Her i den nedre delen vart veggen då noko utvida.

This photo shows the opening ceremony, and a boulder inscribed for the occasion. Some of the black lettering on the white background is still visible. An extensive restoration of the Gardshammar Path was completed in the autumn of 2007, and the lowest stretch was widened.





FOTO: KNUD KNUDSEN/BILLESAMLINGEN UIB



Turstien er T-merka og varda til Fonnabu. *The hiking trail to Fonnabu Cabin is clearly marked with red painted T's and cairns.* FOTO: FINN LOFTSNES/SELJA FORLAG

FORVALTING OG OPPSYN

Fylkesmannen i Hordaland, tel. 55 57 20 00 – www.fylkesmannen.no/hordaland
Meir informasjon: www.folgefonna.info
www.tursti.kvinnherad.no

